

# Kjærleik er ei tåre...

Ein støttekonsert for 22.juli-fondet

ROSEKYRKJA LAURDAG 23. JUNI KL 19.30

Møt morgondagens stjerner i Kyrkjehola Kulturbeite si eigenproduserte forestilling "Kjærleik er ei tåre...". Billetinntektene frå denne konserten går uavkorta til 22. juli-fondet - som tilskot til finansieringa av eit minnesmerke over terrorofra. Slik ynskjer KKB å vise solidaritet med dei ramma og bidra til gjenoppbyggingsprosjektet i vid forstand. Både konsert-tittelen og alt repertoar på konserten har ein gjennomgåande tematisk tråd – med inspirasjon frå diktet "Definiciones" av meksikanske Josefa Murillo. Utøvarane er ekstraordinære talent frå Møre og Romsdal og Trøndelag, og representerer stor sjangerbreidde – frå klassisk, jazz, vise og musikal med meir. Medverkande er Oda K. Stenberg – bandoneon, Kristina Malene Stavseng – fiolin, Hallvard Steinhovden – cello, Henrik Bondevik – kontrabass, Sivert Blindheim – piano, Jonas Hamre – tenorsax, Jan Ivar Ekroll – piano, Kristin Lundemo Overøye – song, Stine Merethe Ulla – song, Ingvild Sæther – fiolin, Lars Marius Hølås – bratsj  
Musikalsk ansvarleg er Odd Johan Overøye.



UNITRYKK AS - Spjelkavik, 6010 Ålesund

Hovudsponsor 2012:



SPAREBANKEN MØRE

Støtte frå offentlege instansar:



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



STORDAL KOMMUNE  
- der folk trivst



NORSK KULTURRÅD  
Arts Council Norway

Vi er og takksame for støtte frå



FORTIDSMINNEFORENINGA  
Foreningen til Norske Fortidsminnemerkers Bevaring



NTNU

Det skapande universitetet

## Kjære publikum!

Nok ein sommar har vi gleda av å invitere til mange fine kulturopplevingar i regi av Kyrkjehola Kulturbeite.

I fjor hadde vi ein konsert på den 23.juli - akkurat i det terrorhendingsane i Oslo og på Utøya vart avdekka i all si gru. Det vart ei sterk oppleving. I år ynskjer vi å innleie sesongen vår med ein solidaritets-konsert, der billetinntektene skal gå til eit minnesmerke over dei som miste livet på Utøya. Konserten har fått tittelen «Kjærleik er ei tåre...» - etter diktet av den meksikanske lyrikaren Josefa Murillo. Unge musikk- og songtalent frå Midt-Norge skal framføre vakker musikk under leiging av Odd Johan Overøye. Vi arrangerer denne typen konsert fordi vi vil markere støtte til dei aller viktigaste verdiane i vårt samfunn; nemleg respekt for menneskeverdet, demokrati, toleranse og openheit.

Seinare i sesongen skal vi for første gong arrangere konsertar i Dyrkornfabrikken. Verdskjende kunstnarar som saksofonfenomenet Håkon Kornstad og Trio Mediaeval saman med trompetisten Arve Henriksen skal i to ulike konsertar utfalde seg i det tidlegare fabrikk-lokalet. Dette blir garantert spektakulært og verd å få med seg!

Utover dette kan vi by på flamenco og virtuost fiolinspel – for ikkje å gløyme konsert med den folkekjære artisten Bjørn Eidsvåg som vert å sjå og høyre i Rosekyrkja sist i juli.

Velkommen til ein ny og minnerik sommar i Kyrkjehola Kulturbeite!

Med helsing frå styret

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

## Kyrkjehola Kulturbeite

### Føremål med programmet

- KKB ønskjer å markere seg som ein tydeleg og offensiv kultur-institusjon med kontinuitet og ein klar kunstnarleg identitet som kjennemerke.
- Det kulturelle tilbodet skal vere av høg kvalitet og femne om ulike sjangrar innan musikk, litteratur, biletkunst, historie og folklore.
- KKB har som målsetting å stimulere til nyskaping i kryssingspunktet ord, bilete og musikk.
- KKB har eit ansvar for å profilere profesjonelle kulturformidlarar med base i Møreregionen, og særskilt støtte lokale kunstnarar i etableringsfasen.
- Lokalt ønskjer KKB å vere eit tilskot til det frivillige kulturlivet og medverke til ei synleggjering av Stordal som ein kulturkommune.

### Førehandsbestilling av billetter:

På telefon 95 27 35 42: Du blir beden om å gi opp namn på arrangement, namnet ditt og talet på billetter.

E-post: Gjennom heimesida [www.kyrkjehola.no](http://www.kyrkjehola.no) eller på adressa [billett@kyrkjehola.no](mailto:billett@kyrkjehola.no) Frist for bestilling: Dagen før arrangementet.

KYRKJEHOLA KULTURBEITE

STORDAL

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

PROGRAM SOMMAREN 2012

# Karismatisk kåsør i munkekutte

Kyrkja og kulturen; eit møte med dominikaner-munken Arnfinn Haram

ROSEKYRKJA SØNDAG 15. JULI KL 19.30



Pater Arnfinn Haram er opphavleg frå Stranda og var lenge prest i Den norske kyrkja, før han i 1998 konverterte til katolisismen og tilhører no Dominikanarordenen. Han er busett i St Dominikus klosteret i Oslo, der han er kantor og prior. Haram er også forfattar og skribent, med fast spalteplass i både Klassekampen og Vårt Land. Han er elles kjent som ein frittalande samfunns-

debattant og etterspurd foredragshaldar ved festivalar og symposium landet over. Tema for denne kvelden er kyrkja og kulturen, og det musikalske talentet hans vil heller ikkje gå upåakta hen. Som songar har han mellom anna ei fortid som medlem og solist i elitekoret SKRUK. Haram krydrar gjerne det talte ordet med vakre religiøse folketonar, som Odd Johan Overøye vil spinne vidare på gjennom pianoimprovisasjonar.

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

# Tett på Bjørn Eidsvåg

Konsert med Bjørn Eidsvåg - solo

ROSEKYRKJA TYSDAG 31. JULI KL 19.30

Bjørn Eidsvåg har gitt ut godt og vel 20 soloalbum og er multi-spellemannsprisvinnar. Hans øyre for sterke melodiar og tekstar med stor kommunikasjonsflate har gjort han til ein av Norges mest etterspurde og folkekjære artistar. Til Kulturbeite kjem han med sin gitar, tett på publikum i den intime og vakre Rosekyrkja.

- Utgangspunktet for alle mine sanger er at de lages ved hjelp av kassegitar. Når de er ferdige kommer musikerne inn i bildet og setter sitt preg på låtene. Resultatet kan man etter hvert høre på cd'er og konserter. Sangene utvikles så videre gjennom hyppig live-spilling. Å beholde det opprinnelige uttrykket i sangene er like viktig som å forsterke det og gjøre det mer nyansert og fargerikt. Det å hente frem den enkle utgaven er en påminnelse om hvordan sangene opprinnelig var, seier Bjørn Eidsvåg.



# Stjerner i «Dyrkornkatedralen»

Trio Mediæval, Arve Henriksen og Terje Isungset

DYRKORNFABRIKKEN TORSDAG 19. JULI KL 19.30



Jazztrompetist Arve Henriksen og grammy-nominerte Trio Mediæval er blant Norges viktigaste musikalske eksportartiklar, og har kvar for seg opptredt ved prestisjetunge festivalar og scener verda over. Dei siste åra har dei også gått inn i eit fruktbart samarbeid, der Arve Henriksens fløyelsvarme trompettone har utvida og gitt nye fargar til vokalgruppa sitt klangunivers. Kva passar då betre enn å legge denne konserten til den historiske Dyrkornfabrikken – med ein katedralklang vi ikkje

hadde drøymt om skulle finnast i vårt eige nærmiljø! Med på laget er også perkusjonsfenomenet Terje Isungset – ein av Europas mest innovative musikarar - ikkje minst er han kjend for sine instrument laga av is.



KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

# Tenor Battle

Opera møter jazz! Håkon Kornstad m/band.

DYRKORNFABRIKKEN SØNDAG 5. AUGUST KL 19.30



Dette er eit rykande ferskt prosjekt leia av Håkon Kornstad – i lang tid ein av våre mest spennande og nyskapande saksofonistar innanfor jazzsjangeren, men som no også satsar for fullt på klassisk songutdanning ved Operahøgskulen. Saman med Per Zanussi (kontrabass), Øyvind Skarbø (perkusjon) og Sigbjørn Apeland (trøorgel) får publikum oppleve utrulege versjonar av Puccini, Verdi og Bizét som både utfordrar og rører. Bandet er inspirert av 78-platene, der jazz-svisker lever side om side med

opera-rier, og vakre balladar blir avløyst av improviserte strekk. Det er ikkje ofte denne klisjeen kan brukast i fullt alvor; dette er musikk du aldri har høyrte maken til. I eit lokale du kanskje aldri har høyrte musikk før...



KYRKJEHOLA



KULTURBEITE



# FlamenCompaniet

Danseforestilling med temperament og humor

NILSGARDSTUNET LAURDAG 11. AUGUST



Barneforestilling kl 15.00 og kveldsforestilling kl 21.00.

Dette er Midt-Norge sitt einaste flamenco-ensemble, stifta av dansaren Hilde Handegard i 2009. Gruppen er rekruttert frå Trondheims profesjonelle jazz- og folkemusikkmiljø, og har mellom anna gjort forestillingar ved Olavsfestdagene, Transform, Avant Garden og Trøndelag Teater. Varemerket er å skape musikalske møtepunkt mellom autentisk flamenco og den nordiske folkemusikken. I Kulturbeite blir det både

barneforestilling og konsert/danseforestilling i Nilsgardstunet på kveldstid. Medverkande: Hilde Handegard, Evelyn Gildemyn og Andrea Machado Miguens (dans/kastanjettar/cajón), Bendik Lund Hanshuus, Martin Högberg og Trond Folstad (gitar), Gunn Mogseth Skrove og Lena Sylvia Hanssen (vokal/palmas).

KYRKJEHOLA



KULTURBEITE

# Gnistrande strengleik

Kammermusikalsk meistermøte med

Elise Båtnes - fiolin og Henninge Båtnes Landås - bratsj

MATINÉ I ROSEKYRKJA SØNDAG 12. AUGUST

KL 14.00 (merk tida!)

Søstrene Båtnes - Elise og Henninge – med erfaring frå både Vertavokvartetten, Oslofilharmonien, Danmarks radios symfoniorkester, Det norske kammerorkester og ei rekkje andre prominente ensemble, høyrer begge heime i det internasjonale musikartopp-sjiktet. Til Kyrkjehola Kulturbeite kjem dei med sitt nye duo-prosjekt – Mozart, Halvorsen, Brustad; nyleg innspelt på CD til overstrøymande omtalar. Denne forestillinga er komen i stand gjennom vårt gode samarbeid med Fjord Cadenza på Skodje.

Frå Adresseavisen: Båtnes-duoen samspill og uttrykk er til å få frysninger av. Individuelt er de mestere på hvert sitt instrument med en musikalitet som bare er å nyte, og sammen er de dynamitt! Velkommen til eit kammermusikalsk festfyrverkeri som avslutning på Kyrkjeholesongen 2012!

